



NVE

Revisjon av konsesjonsvilkår for Evanger kraftverk - Eksingedalsvassdraget og Teigdalsvassdraget i Vaksdal og Vik kommunar, samt Voss herad

NVE avgjorde den 19.12.2019 at konsesjonsvilkåra for Evanger kraftverk og reguleringane i Eksingedalsvassdraget og Teigdalsvassdraget skal reviderast.

På bakgrunn av krav frå Eksingedalen Bygdaråd, Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) i Hordaland, Stiftelsen Voss klekkeri, samt felles kravdokument frå kommunane Voss, Vaksdal, Vik, Modalen og Kvam og føringar frå NVE, har BKK Produksjon AS utarbeidd eit revisjonsdokument som beskriv reguleringane og vurderer dei ulempene ein er kjent med. Revisjonsdokumentet leggst no ut til offentleg høyring og NVE inviterer alle som har interesse av saka til å uttale seg. Revisjonsdokumentet og fråsegnene vil utgjere ein viktig del av grunnlaget for å fastsette reviderte vilkår.

Revisjonsdokumentet er tilgjengeleg på NVEs internettside www.nve.no/konsesjonssaker. For å snevre inn søket vel «Vannkraft» under «Alle typer» og «Revisjon av vilkår» under «Alle sakstyper». Generell informasjon om revisjon av konsesjonsvilkår finnast på www.nve.no/revisjon. Revisjonsdokumentet er òg lagt ut til offentleg gjennomsyn på servicetorget i Vaksdal, kommunehuset i Vik, og servicetorget på Voss tinghus i tillegg til kommunane sine heimesider. Dersom du ønskjer ein papirversjon kan du kontakte Svenn Rognås hos BKK tlf. 55127329 eller e-post: svenn.rognas@bkk.no.

Fråsegner kan sendast NVE via internett www.nve.no/konsesjonssaker ved å gå inn på den aktuelle saka, med e-post til nve@nve.no eller med post til NVE, Energi- og konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Høyringsfristen er 1. november 2021.

I samband med sakshandsaminga vil NVE arrangere ei synfaring.

På bakgrunn av revisjonsdokumentet og fråsegnene til dette skal NVE gi ei innstilling til Olje- og energidepartementet, med forslag til nye konsesjonsvilkår. Fråsegnene er offentlege dokument som vil bli referert i innstillinga.

Sentrale saksdokument blir lagt ut på NVE sine internettsider.

MEDIE

122x218mm - M33
RUBRIKK

540 NVE
I korr YCP

